

Planskildring

Kommundelplan Bø 2017



**Radøy
kommune**

Plan



RADØY

den grønne øya

Innhold:

Samandrag	3
Innleiing	4
Gjeldande reguleringsplanar	7
Skildring av plan og planområde	11
Arealoppgåve	20
Arealføremål	21
ROS- analyse/konsekvens av plan	23
Medverknad	30



Samandrag

Kommunedelplan for Bøvågen har som mål å leggje til rette for ny busetnad og aktivitet i samsvar med hovudtrekka i arealføremåla til gjeldande kommuneplan. Planen er overordna og vil gje grunnlag for vidare vurdering av reguleringsstatus innafor planområdet.

Planarbeidet har til hensikt å leggje til rette for god tettstadutvikling.

Område	Bøvågen
PlanID	12602012000900
Gardsnamn	Bø og Haugland
Gardsnr./bruksnr.	Delar av gnr 24 og gnr 25
Gjeldande planstatus (reg/kommune(del)pl.)	Fleire reguleringsplanar og kommuneplan
Forslagsstillar	Radøy kommune
Plankonsulent	Radøy kommune
Hovudføremål med ny plan	Nye byggjeområde for heilårsbustader, samordne infrastruktur, fortetting.
Planområdets areal i daa	1072931.44m ²
Grad av utnytting	%-BYA 25-80
Aktuelle problemstillingar	Tettstadutvikling
Varsel om motsegn (j/n)	Nei
Konsekvensutreiingsplikt (j/n)	Nei
Kunngjering oppstart, dato	14.04.2016
Fullstendig planforslag, dato	06.10.2017
Medverknad	Informasjonsmøte og høyring

Innleiing

I planstrategien for Radøy kommune 2012-2016 vart områdeplan for Bøvågen sett opp med oppstart i 2012. Slik områdeplan vart starta opp og planforslag vart lagt ut til offentleg ettersyn og høyring. Undervegs i prosessen vart det vedteke å omgjere plantype til kommunedelplan. I planstrategi for perioden 2016 til 2020 er planlegginga vidareført som kommunedelplan for Bø.

Behov for plan:

I Bøvågen er det store område som er lagt ut til byggjeområde i kommuneplanen. I tillegg er det fleire eldre planar i Bøvågen som treng oppgradering. Ved å utarbeide kommunedelplan kan ein få til ei meir detaljert vurdering av arealbruken og samstundes vurderer kvar det skal vera reguleringskrav. Byggjefeltet på Bø er nesten ferdig utbygd, noko som gjev trong for nye område for bustadbygging.

Bøvågen er ein tettstad med mange kvalitetar. I tillegg til rikelig tilgang til fine friluftsområde både på land og til sjøs, har bygda eit aktivt organisasjonsliv og nytt idrettsanlegg med fleirbrukshall. Skulen har kapasitet til fleire elevar. Der er daglegvarebutikk, trelast og lokale næringar som gjev arbeidsplassar. I tillegg er det aktivitet i Bøvågen som ynskjer nye tiltak. Hordabø forum for utvikling er etablert som ein arena for diskusjon og eit utgangspunkt for å skapa aktivitet og samarbeid mellom ulike partar.

Dette gjev planen:

Rettar og moglegheiter.

I liten grad plikter, men kan gje føringar for seinare planar.

Erstattar tidlegare overordna plan med noko meir detaljert overordna plan.

Nytt arealplanlankart og nye oppdaterte føresegner.

Mål for planarbeidet:

Samordning av eksisterande plansituasjon.

Gjennomgang og eventuell utfasing av gamle reguleringsplanar samt implementering av arealbruksendringar.

Detaljere arealbruk og tilrettelegging av byggjeområde særleg for nye heilårsbustader.

Store areal i Bøvågen har vore byggjeområde for heilårsbustader i kommuneplanen sidan 2005, men er ikkje bygd. I planarbeidet er det gjort vurdering av desse og nokre har ein klarlagt for for-
tetting. Andre område er teke ut av planen, då landbrukverdiane er store og det framleis er drift på areala.

Stimulera til tettstadutvikling og revitalisering av Bø sentrum.

Planprosessen:

Plantypen som er valgt: Plan- og bygningslova § 11-1. Kommuneplan

«det kan utarbeides kommunedelplan for bestemte områder, temaer eller virksomhetsområder»

Ut frå dette er det valgt å detaljere kommuneplanen i området Bø gjennom utarbeiding av kommunedelplan.

Kommunen har sjølv arbeidd fram planen. Formannskapet er styringsgruppe for arbeidet.

Overordna retningslinjer samt føringar for planarbeidet:

Fylkesplan for Hordaland 2005-2008 er delvis vidareført i regional planstrategi for 2010 til 2012 og 2012 til 2016 og skal utfasast i samsvar med strategi for 2016 til 2020.

Mål, strategiar og retningslinjer vert erstatta ved vedtak av nye planar.

Arealpolitiske retningslinjer vidareførast som nettpublikasjon.

Fylkesplanen gjev visjon, mål og strategiar for utviklinga i fylket.

Hovudtema er verdiskaping, og satsingsområda er næringsutvikling, kompetanse, kultur og transport/areal/miljø.

Visjon for miljø, areal- og transportpolitikken

«Hordaland skal utvikla levedyktige regionar og attraktive lokalsamfunn, med eit nett av vekstkraftige sentra og Bergen som landsdelsenter. Areal- og naturressursane skal nyttast på ein berekraftig og langsiktig måte. Eit heilskapleg og samanhengande transportsystem skal byggjast ut med tilfredsstillande standard. Universell utforming skal leggjast til grunn.»

Areal- og miljømål

- Regionane og lokalsamfunna i Hordaland skal utfylla kvarandre og utviklast med utgangspunkt i egne føremoner og særtrekk.
- Lokalisering av bustader, næringsverksemd og tenesteyting skal skje med omsyn til effektiv arealutnytting og energibruk og lågast mogleg transportbehov, særleg i Bergensregionen.
- Lokalsamfunna skal ha gode miljøkvalitetar, universell utforming, samanhengande grøntstruktur og tilgang til friluftareal og møteplassar for fysisk aktivitet og sosialt fellesskap
- Hordaland sitt landskap skal forvaltast i eit langsiktig tidsperspektiv og som ei kjelde til identitet og livskvalitet
- Hordaland skal verna om biologisk mangfald og verdifulle areal- og naturressursar på land og i sjø, som strandsona, friluftsområde med regional verdi, større inngrepsfrie område og kulturmiljø. Særmerkte artar skal sikrast mot utrydding
- Høvelege areal- og naturressursar skal kunne nyttast til berekraftig næringsutvikling. Hordaland skal ha eit livskraftig landbruk i levande bygder. Attgroing av verdifulle kulturlandskap og oppsplitting av viktige jordbruksområde skal avgrensast
- Kulturminne og kulturmiljø skal forvaltast som dokumentasjon av fortida og ressurs for framtida. Nytteverdi/eigenverdi må dokumenterast før vern.
- Sikre god økologisk status i sjø og vassdrag
- Redusera årleg avgang av dyrka og dyrkbar mark
- Auka bruk av nye fornybare energikjelder

Areal- og miljøstrategiar i regional og lokal utvikling

- Samordna areal- og transportplanlegging på tvers av kommunegrensene
- Kartleggja og synleggjera sterke sider og særtrekk i regionane og lokalsamfunna
- Løysingar på ulike utfordringar skal vera tilpassa dei ulike kommunane med basis i gode kommuneplanar
- Ha ein beredskap som er tilpassa utfordringane i fylket
- Stø arbeid for berekraftig utvikling i lokalsamfunna

Areal- og naturressursar

- Oppdatera arealdata og formidla arealkunnskap, med vekt på kystsona, biologisk mangfald, friluftområde, kulturminne, kulturlandskap og landbruksområde
- Prioritera regionale friluftsområde i ein eigen plan
- Fastsetja funksjonell strandsone som grunnlag for lokal tilpassa bruk og forvaltning
- Fremja tiltak for å sikra villaksstammene i Hordaland
- Iverksetja opprydding i dei mest forureina sjøområda
- Hindra oppsplitting og nedbygging av verdifulle landbruksareal og naturareal
- Kartegging av kjerneområde for landbruk

Berekraftig næringsutvikling

- Prioritera eigna område og areal på land og sjø for næringsutvikling
- Satsa på framtidretta energiproduksjon og energibruk, som gass, vindkraft, bioenergi, mikro-, mini- og småkraftverk

Kulturminne og kulturmiljø

- Auka kompetansen i kommunane om kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap
- Synleggjera verdifulle kulturminne- og landskapsverdiar

Gode planar og betre forvaltning

- Gode arealplanar i kommunane skal redusera behovet for dispensasjonar etter plan og bygningslova
- Utvikla godt samarbeid mellom offentlege og private aktørar og organisasjonar
- Forbetra planprosessane

Aktuelle fylkesplanar

- Regional planstrategi for Hordaland 2016-2020
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland– senterstruktur, tenester og handel 2014
- Regional plan for folkehelse – Fleire gode leveår for alle 2014 -2025
- Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025
- Klimaplan for Hordaland 2014-2030
- Regional klima- og energiplan 2014
- Regional plan for Nordfjella 2014-2025
- Regional næringsplan 2013-2017 2013
- Regional transportplan Hordaland 2013-2024
- Regional plan for vassregion Hordaland 2015
- Fylkesplan for Hordaland 2005-2008 2005 Regional Utfasing.
- Arealpolitiske retningslinjer treng revisjon/vidareføring
- Fylkesdelplan for kystsona i Hordaland 2001 Regional Utfasing.
- Arealpolitiske retningslinjer må reviderast.
- Fylkesdelplan for kulturminne 1999-2010 Kultur og idrett Utfasing
- Behov for revidering av arealpolitiske retningslinjer jf. Fylkesplan for Hordaland.

Planar under arbeid:

- Regional plan for kompetanse og arbeidskraft 2017 - Planprogram vedtatt.
- Regional transportplan 2018-2029 Samferdsel - Planprogram vedtatt
- Regional plan for godshamn i Bergensområdet - Utsett i påvente av Jernbaneverkets
- KVVU-arbeid for logistikk-knutepunkt for Bergensområdet

Kommuneplan for Radøy

Kommuneplan for Radøy 2011-2023 vart vedteke i kommunestyret 29. september 2011 etter ein omfattande prosess. I Bøvågen vart arealbruken i stor grad vidareført i frå førre kommuneplanperiode. Det vart lagt inn grøne sonar mot sjø og vassdrag for å synleggjera det ålmenne byggje og deleforbodet i strandsona. Det vart sett krav om detaljregulering for nye byggjeområde samt omsynssone for eksisterande reguleringsplanar som framleis skal gjelde.


Gjeldande reguleringsplanar

Arealplanid: 12601973000200

Planens navn: Bøvågen

Type plan: Eldre reguleringsplan Planstatus: Gjeldande plan Vedtak i kraft: 27.08.1973

Det er fremja oppheving av denne planen.




Arealplanid: 12601985000100

Planens navn: Krossneset

Type plan: Eldre reguleringsplan Planstatus: Gjeldande plan Vedtak i kraft: 10.12.1985

Det er fremja oppheving av denne planen.



Plan for del av Bønaset grensar til planområdet i nord.

Arealplanid: 12601987000100

Planens navn: Bønaset, del av, gnr.24 bnr.17

Type plan: Eldre reguleringsplan (30)

Planstatus: Gjeldande plan Vedtak i kraft: 07.05.1987




Arealplanid: 12601988000100

Planens navn: Bøvågen bustadfelt

Type plan: Eldre reguleringsplan

Planstatus: Gjeldande plan Vedtak i kraft: 01.11.1988

Det er fremja oppheving av denne planen.




Arealplanid: 12601994000100

Planens navn: Nordbø

Type plan: Eldre reguleringsplan

Det er fremja oppheving av denne planen.

Planstatus: Gjeldende plan Vedtak i kraft: 08.12.1994



Skildring av plan og planområde

Plassering:

Tettstaden Bøvågen er utgangspunkt for områdeplan for Bøvågen. Planområdet dekker delar av Gardane Bø og Haugland, som er del av Hordabø skulekrins.

Bøvågen ligg ca 10 km nord for Manger som er kommunesenter på Radøy.




Bøvågen har kyrkje, butikk med post, bensin- og dieselpumpe, trevarehandel, pub, næringsområde, idrottshall og småbåthamn.

Det er både heilårsbustadar og fritidsbustadar i området.

Avgrensing av planområde:

Kommunedelplanen og følgjer i hovudsak arealbruken fastsatt i arealdelen i kommuneplan for Radøy, vedteke av kommunestyret 29. september 2011.

Planavgrensinga er lagt over nye og gamle byggjeområde for å skape ein heilskap i plan og kart. Området strekker seg frå Nordbø i nord til Haugland i sør, inkludert område for skule og barnehage, bustadfeltet, gamle Haugland skule, ut til sjø, kyrkja og sentrumsområde med butikk og næringsareal på kaien.



Bruk og status for areala i nærleiken :

Areala rundt planområdet er i stor grad nytta til arealføremålet LNF - landbruk, natur og friluftsliv. I nord ligg eit regulert felt til fritidsbustader og i sør ligg eit næringsområde. Næringsområdet er bygd, men er under endring. Avgrensinga i aust og vest er gjort i vatn og sjø.

Demografi og utbygnad:

Bygnaden til bustadføremål i planområdet er i stor grad gardshus og einebustader. Det er i seinare tid komme nokre få fleirmannsbustader. Bøvågen bustadfelt er nesten ferdig utbygd med einebustader og utgjør kjernen i tettstaden. Bygningane er lagt fint i terrenget.

Det er fleire etablerte næringsbygg i området, butikk og pub ved fylkesvegen, fiskemottak og foredling på kaien, ved sidan av trevarehandel. Nokre av desse bygga har gammalt preg, men dei fleste er av nyare dato.

Den nye kyrkja på Bø ble innvigd 5. august 1875. Den var bygd av byggmester Jon Jonsen Alvær etter teikningar av arkitekt J. W. Nordan, Kirkedepartementet sin faste konsulent i byggesaker i perioden 1869-86. I 1949 vart kyrkja reparert og delvis ombygd etter planer utarbeidet av arkitekt Ole Halvorsen, Bergen-

Mellom anna vart kyrkja kledd innvendig med huntonittplater og fekk brystning av vekselpanel til opp under vindaugane som fikk nye innervindu med farga glas. Alt dette vart fjerna ved ein istandsetting i 1976-78. I 1969 fekk kyrkja bårerom i kjelleren under skipet. Kyrkjebygget ligg fint til på ein liten høgde og synst godt når du kjem til Bøvågen i frå sør.

Skule og barnehage ligg nær fylkesvegen og er sentrale i bygda.

Handel og næring:

Dei viktigaste etableringane innan handel og næring er matvarebutikken og øl/vinstova ved fylkesvegen, fiskemottaket, fiskeforedlinga og trevarehandelen på kaien.

Topografi/landskapstrekk :

Tettstaden ligg i møtet mellom tre ulike landskapstypar; kystmyrane, vågsvatn og kil- og smalsundlandskap. Kilane frå sjøen kjem inn frå nord og ferskvatna frå sør. Det er landbruksområde innimellom busetnaden og vegane. Vegsystemet spreier seg utover landskapet, innanfor denne strukturen kan ein fortette der det er behov for fleire bustader. Det vert tilrådd å ikkje etablere nye strukturar med vegar og spreidd bustadbygging. På flyfoto (figur 4.1.7) ser vi at ei enkel frådeling til bustadtomt også fører med seg vegstubbar som fragmenterer heilskapen i landskapet. Bøvatnet er ein rik kulturlandskapssjø, som er ein viktig naturtype. Vatnet har mykje sverdlilje og strandrøyr. Her er flytebladvegetasjon med nøkkeroser og tjønnaks. I dette landskapsområdet er det store jordbruksareal.

Bøvågen ligg i eit område som er småkupert og utan store høgdeforskjellar. Radene og renene synst godt i landskapet med fjorder og vassdrag i mellom. Området har svært fin skjærgård.



Soltilhøve og klima :

Bøvågen ligg på vestsida av Radøy i eit ope landskap med gode sol- og lystilhøve. Bøvågen har typisk vestlandsklima med mild vinter og relativt kjøleg sumar. Med vind inn frå havet kjem det til tider mykje nedbør.

Naturmangfald:

Planområdet grensar til sjø i vest og nordaust samt vatn i aust. I sør ligg landbruksområde og myr før Kvalheimsvatnet. «Bøtjønna er registrert som viktig naturtype; rik kulturlandskapssjø. Bøneset er registrert som viktig naturtype; kystlynghei.» *Kjelde: naturbasen til miljødirektoratet.*

Det er ikkje registrert artar av nasjonal forvaltningsinteresse i planområdet anna en ål i Hauglandsvatnet som planområdet grensar til i aust.

Grøne interesser :

Bøtjønna ligg midt i tettstaden og er eit veldig viktig element med ei ubygd sone rundt. Området vert nytta sumar og vinter. Det er badeplass på autsida av vatnet. Mellom byggjefeltet og skulen ligg eit grønt område som vert mykje nytta. Her er hundremeterskog, akebakke og klatrevegg. Både skule og barnehage ligg nære ved og nyttar desse områda. Nord for skulen mot Rikstadvågen ligg eit nes som vert mykje nytta til turar og fiske. Gamlevegen mot aust vert nytta som tursti og fører vidare ut til friluftsområde og skog. Fleire gamle naustområde er tilgjengelege for ålementa og fleire stader går det stiar langs med sjøen.



Friluftsområde :

Friluftsområde på Bynja er tilrettelagt og vert drifta av Bergen og omland friluftsråd. Området ligg utafor planområdet, men berre ca 2 km frå Hordabø skule ved Kvalheim nordvest på Radøy, mellom fylkesvegen og sjøen. Areal: 82 dekar. Fint område ved Byngjevågen med lyngmark, gammalt beiteland og knausar. Det ligg eit vatn (1,5 moh.) på området. Badepoll og sandbotn i Byngjevågen.



Bømarkane og skjærgarden er flotte og mykje nytta friluftsområde.

Kulturminneverde :

Innafor planområdet er det markert 5 punkt om kulturminne i naturbase.no. I Bøosen ligg i følgje Riksantikvaren eit skipsfunn eldre enn 100 år med vernestatus automatisk freda. Kulturminnet er vraket av m/s «Sotra» med byggjeår 1903, som forliste i 1988. På Nordbø er det spor etter busetting i frå steinalder og området er automatisk freda. I brekka ned mot Rikstadvågen, Jansebrekka, er det gjort eit lausfunn frå steinalder med uavklart vernestatus.

På Haugland vart det ved utgraving av kjellar inn under eit hus funne ein heilag kvit stein i frå folkevandringstida. Vernestatus uvis. *Kjelde: Kulturminnesok.no*

Kyrkjestaden med den gamle gravplassen er registrert som kulturminne. Bø (Hordabø) kyrkje var sognekyrkje med eigen prest i middelalderen. Prest og kyrkje vert nemnt i Bergens kalvskinn p. 52-53, og Bø sokn i DN XII, 257 (Munkeliv klostres jordebok ca. 1490). Etter reformasjonen vart kyrkja lagt inn under Manger prestegjeld. Den skifta namn frå Bø til Hordabø i 1925. Bø gamle kyrkje vart riven i 1874 for å gje plass til ei ny kyrkje.

Den gamle vegen med bru er eit tydeleg spor i landskapet. Frå vatnet går elva mot Rikstadvågen. Elles er det steingarder og gråsteinsmurar innafor planområdet. Gamle steinhus og steingardar var vanleg på alle gardsbruk i området og ein finn restar av desse. Gardane hadde og sjøretter og mange hadde naust i fellesområde.

Veg og trafikktilhøve :

1. Identifisering av føresetnader og trafikksituasjon i dag.

Fylkesveg 409 går tverst igjennom planområdet og er veldig dominerande. Strekinga er i Vegnett registrert med ÅDT total på 1000 og andelen store kjøretøy er på ÅDT 5.

2. Trafikktryggleik og tilbod for gåande og syklende.

Det er delvis etablert tilbod til gåande- og syklende innafor planområdet. I sør er det fleire utkjørsler til fylkesvegen. Nokre av avkjørslane stetter ikkje dagens krav til stigning og sikt. Det er registrert nokre snarvegar i området.

3. Noverande situasjon for mjuke trafikantar.

Bilete av fylkesvegen forbi Hordabø skule og barnehage, frå synfaring med Staten vegvesen, syner at vegen ikkje har meir breidde enn for 1 bil og manglar tilbod til gåande og syklende. Det er etablert 3 fartshumpar og fartsgrensa er satt til 30 km/t på denne strekninga. Det er etablert fortau langs delar av fylkesvegen, forbi kyrkjegarden og kyrkja, forbi butikken og puben og fram til skulen frå sør.

4. Status for trafikkulukker i planområdet.

I perioden frå 1978 fram til i dag er det registrert omlag 14 ulukker i området. To med alvorleg skade og dei øvrige med lettare skade. Involverte i dei alvorlege ulukkene er sykkel og motorsykkel. (kjelde - Vegnett)

Området har ikkje hatt mange uhell då det er relativt ope landskap og sikten er god dei fleste stader. Det er ikkje store hødeforskjellar i planområdet og difor ikkje vanskelege stigningstilhøve.

5. Stipulering framtidig trafikkmengd og utgreiing av mogleg framtidig trafikkavvikling.

Det er ikkje venta at trafikkveksten vert særleg stor for Bø. utbygging av nye bustadfelt vil gje noko større internttrafikk. Ei stipulering vil vera at veksten lokalt vil vera omlag på nivå med den nasjonale veksten. (1-2% årleg). Med utbetring av fv409 gjennom Bø i høve til breidde, fortau med vidare, bør stipulert vekst vera under kontroll.

6. Enkel støyvurdering.

Det er utført støyanalyse langs fylkesvegen i august 2010. Den er utarbeidd som eit støyvarselkart med gul sone for berekna støyverdi mellom 55 og 65 Lden, og raud sone over 65, basert på trafikkprognose for år 2025. Innafor planområdet for områdeplan for Bøvågen er det ikkje venta støy i raud kategori.

7. Moglege endringar i høve til støy etter planlagt ny arealbruk.

Det er ikkje venta særleg auke i støy frå trafikken i området. Stipulert trafikkauke vil vil ikkje vera stor nok til at dagens omsynsoner for trafikkstøy vert særleg utvida.

8. Konklusjon for bruk i plan.

Ved utarbeiding av detaljplanar må støy inngå som eit utgreingstema. Støykart, omsynsone for støy viser at det ikkje er trong for større areal i høve til støyreduserande tiltak. Det er likevel grunn til å ta omsyn til støy i vidare planlegging i området.

Bornetråkk og omsyn til born og unge:

Det er gjennomført kartlegging av born og unge sine ferdselsvanar og leikeområdar. Resultata frå kartlegginga er brukt som grunnlag i planlegginga.

Folkehelse:

Er definert i Folkehelselova som

”befolkningens helsetilstand og hvordan helsen fordeler seg i en befolkning.”

For Bø legg ein til grunn at kartlegginga som vart gjort av kommunen i 2012/13 framleis er gjeldande.

Frå oppsummeringa i helsekartlegginga :

Kartlegginga av befolkninga i Radøy kommune viser at vi på dei fleste områda føl same utvikling som landet elles og våre nabokommunar. På nokre område skil vi oss ut i positiv retning. Vi har aukande folketal, reint vatn, god tannhelse hjå borna og eit godt fungerande frivillig arbeid for både born, unge og eldre. Dei fleste i Radøy bur saman med andre, og det er små skilnader mellom inntektene til folk. Dette er faktorar som gjev god folkehelse.

Jordvern:

Felles landbrukskontor for Austrheim, Radøy og Fedje førebur og uttaler seg i saker som inkluderer landbruksareal. Bø bygda er landleg og har sterke innslag av landbruksareal. Det er særleg overgangen mellom byggnad og landbruk som må takast omsyn til.

Universell utforming:

Kjelde Hordaland Fylkeskommune sine nettsider:

Med universell utforming meiner vi at produkt, bygg og uteområde for allmenta skal utformast på ein slik måte at hovudløysinga kan brukast av flest mogleg. Universell utforming skal gje alle betre høve til likeverdig samfunnsdeltaking. Dette gjeld ikkje berre personar med nedsett funksjonsevne, men også for eksempel familiar med born i barnevogn og eldre.

Bø med omegn har eit relativt flatt landskap, dermed er topologien godt eigna. Men det manglar nok framleis noko i høve til framkome for alle. Nyare utbygging har nok teke større omsyn til dette.

Generell støyvurdering :

Bøvågen er ikkje utsatt for mykje støy. Det er trafikk som er største kjelda då fylkesvegen går gjennom bygda, samt at det er trafikk til å frå næringsområdet på kaien. Fiskemottaket på kaien tek i mot fangst frå sjøside, og i tillegg er et ei relativt stor båthamn på nordsida av hamna som kan gje noko støy.

Det er noko helikoptertrafikk mellom Mongstad og anlegg lenger vest og i Nordsjøen over planområdet.

Offentleg kommunikasjon/ kollektivdekning :

Det går buss i retning Rossnes, Austrheim og Manger. Busshaldeplassane er langsetter fylkesvegen med hovudstopp ved skulen i eigen sløyfe.

Busstilbodet er i fyrste rekkje tilpassa skuleelevar som både skal til og frå barneskulen og til og frå vidaregåande skule i Austrheim eller Knarvik.

Vatn og avløp:

Det er lagt kommunalt vatn og avløp i området. Avløpsanlegget på kaien kan ta i mot meir. Ny hovudplan for avlaup er nyleg vedteke og legg følgjande føringar for utbygging av området: Det bur i dag omlag 500 personar i området. Omlag 350 av desse er knytt til reinseanlegg. Med ein kapasitet på 150m³/d skal anlegget ha kapasitet til minimum 500-600 pe (personequivallenter). Det er med dette plass for nokre fleire tilknytningar før det er naudsynt med nytt anlegg. Bøvågen som resipient slit med at den er noko innelukka med fleire tersklar og djupvassbasseng. Det er difor planar for å føra avlaupsleidning lengre ut. Det er og anbefalt å kople på avlaupssystem frå Rikstadvågen via Norbø, slik at alt avlaup vert samla i eit system. På lengre sikt skal det vurderast å byte ut dagens reinseanlegg med eit anlegg med betre plassering og høgd over havet. Dagens anlegg ligg lågt og slit med infiltrasjon av sjøvatn og dyre reinseprossar.



Funksjonell strandsone:

I samsvar med planprogram endeleg godkjend 8/12-2016 (Saksnr 069/2016) er det gjennomført analyse av funksjonell strandsone. Analysa vart gjennomført i samarbeid med Asplan Viak ved Karianne Eriksen og Guro Steine. Arbeidet vart avslutta med leveranse av eigen rapport for kartlegging av funksjonell strandsone for Bøvågen.

Resultatet frå analysa er lagt til grunn for arealbruken i strandsona samt i samband med etableringa av byggjegrænse langs med sjø og vassdrag.



Radøy kommune
Kartlegging av funksjonell strandsone i KDP for Bøvågen i Radøy
Utgåve: 1
Dato: 17.03.2017

Energi :

Det kjem ei høgspenninglinje inn i området i frå sør. Linja går vidare mot Rikstad, med ein arm til Nordbø. I tillegg er det mindre fordelingslinjer i området.

Privat og offentleg servicetilbod :

Innafor planområdet ligg i dag kyrkje, butikk med post, bensin- og dieselpumpe, fysioterapeut, trevarehandel, pub, næringsområde og småbåthamn. Hordabø idrettspark med baner og idrottshall ligg ca 1 km i frå skulen, ungdomshus ca 500 m frå og bedehus ca 800 m frå. Lege og kommunale tenester er samla på Manger som er ca 10 km unna. På Haugland finn me Radøy Kunst Senter lokalisert i gamle Haugland skule, som inneheldt utstillingslokale, atelier, verkstad og bustad.

Risiko og sårbarheit :

I ROS-analyse for heile Radøy har ein peikt på skogbrann som ein stor risiko. Planområdet på Bø ligg ikkje inntil skog på den måten at det burde vere stor fare for det her. Store delar av planområdet ligg til sjø og kan vera utsett for stormflo.

Det meste av bygnaden ligg ikkje heilt i strandkanten om ein ser vekk frå nausta.

Kaien i Bøvågen ligg på ca 1 m.o.h.

Bøvågen ligg på vestsida og merker godt vind og regn frå vest då det ligg lågt i terrenget.

Trafikken og vegtilhøva gjer at det er noko risiko for trafikkuhell.

Området er ikkje spesielt utsett for ureining.

Det går høgspenninglinje igjennom området.

Området som strekkjer seg frå skulen og ned mot Leitevågen er leire og kan vera rasutsett.

Nokre delområde er i bratt terreng.

Privatretslige bindingar:

Frå gammalt hadde alle gardane i området vegrettar, naustrettar, buføringsrettar, torvrettar og liknande. Komunedelplanen har forsøkt å ta omsyn til at desse rettane framleis kan haldast i hevd.

Planframlegget viderefører planlagt arealbruk i kommuneplanen og eldre reguleringsplanar. Store areal har vore byggjeområde i kommuneplanen sidan 2005, men er ikkje bygd.

Området mellom den offentlege kaien og kyrkja har tradisjonelt vore sentrum for aktivitet i Bø. Her er mange ulike grunneigarar med ulike ynskjer for sine eigedomar. I dag finn me kontor, utsal, lager, næringsmiddelindustri, fiskemottak og bustader. Kommunedelplanen legg opp til at grunneigarane kan utvikle eigedomane vidare og planen legg til rette for vidare utvikling. Det har vore ynskje om båthavn m/ gjestebrygge, uteservering og overnatting, og noko meir næringsliv langs med den kommunale vegen opp til puben og daglegvarehandelen ved fylkesvegen. Planen fremjer revitalisering av Bø sentrum.



Arealoppgåve :

Fokus i planarbeidet har vore å leggje til rette for fleire byggjeklare tomter, og nytt areal til heilårsbustader er berekna som følgjer:

Område	Type	Areal
B03	Bustadområde	34 Da
B04	Bustadområde	28 Da
B10	Bustadområde	13 Da
B11	Bustadområde	8 Da
B01, B02, B05, B06, B07, B08, B09 B12, B13, B14, B15, B16	Delvis utbygde bustadområde	Fortetting mogeleg
Bustadfeltet ved Bøtjønn B17	Nokre ledige bustadtomter	Noko fortettingspotensiale
SE 01 til 06 er sett av til sentrumsføremål.	Rom for næring og bustad	Tett utnytting

Arealføremål :

Innafor planområdet har me arealføremål:

- bustadføremål
- fritidsbyggføremål
- tenesteyting
- sentrumsføremål
- næring – bevertning og handel
- naust
- småbåtanlegg
- Landbruk, natur og friluftsliv – LNF og LNF med spreidd busetnad tillate
- Naturområde
- Infrastruktur og tekniske anlegg
- Kombinert føremål
- Bruk og vern av sjø og vassdrag

Bygg og anlegg :

Grad av utnytting, bygd areal, BYA, er gjeve i føresegnene.

Bygd areal (BYA) er det arealet som bygningen opptar av terrenget (fotavtrykk). Med i bygd areal reknast mellom anna overbygd areal, utkraga bygningsdelar med fri høgde over terreng mindre enn 5 meter, konstruksjonar/bygningsdelar som stikk meir enn 0,5 m over gjennomsnittleg terrengnivå og parkeringsareal.

Arealføremål og byggjegransjer er fastsatt i plankartet.

Eksisterande bustadområde:

B01, B02, B05, B06, B07, B08, B09, B12, B13, B14, B15, B16 og byggjefeltet øst for Bøtjønna B17 er nesten utbyggde område. Gjennom føresegner vil det vera mogeleg med fortetting i desse områda. Det er også nokre ledige tomter. Planen legg opp til at denne utnyttinga skal skje utan vidare detaljplanlegging enn eksisterande reguleringsplanar, men då med nye oppdaterte føresegner i kommunedelplanen.

Nye bustadområde og reguleringskrav:

B03, B04, B10 og B11 er alle nye byggjeområde. Desse områda er bandlagt for detaljplanlegging etter reglane i plan og bygningslova. (omsynsone i kart og føresegner)

LNF områda:

Desse områda er lagt der det er eller tradisjonelt har vore sterke landbruksinteresser. I dei sjønære områda er det typisk plassert sokalla «landbruksnaust». Det vil seie at alle naust som har landbrukstil-knytning er plassert i LNF område.

LNF spreidd(og eksisterande):

I randsona mot søraust er det lagt inn to nye LNF spreidd område på kvar omlag 10da. Samstundes er det lagt inn eit område med LNF-spreidd eksisterande der overgangen frå byggjefelt til landbruk går mot aust. Hovudårsak til arealføremålet er å unngå dispensasjon for til dømes ikkje søknadspliktige tiltak etter plan og bygningslova. Her visast til rundskriv frå Fylkesmannen i Hordaland av 22.02.2013

«Om byggetiltak knytt til eksisterande bustader og fritidsbustader i landbruks-, natur- og friluftsføremål, LNF, etter plan- og bygningslova (pbl.). Vurdering av planomsyn, m.a. byggeforbod i strandsona Kva må gjerast for å unngå dispensasjonar i LNF? Korleis unngår vi dispensasjonar, og kor må vi vurdere dispensasjonar i LNF? «

Fylkesmannen kjem i rundskrivet med forslag til metode for dette, og i kommunedelplanen har me følgd denne gjennom utarbeiding av funksjonell strandsonanalyse og identifisering av LNF-spreidd-eksisterande områda.

Naustområda:

N1 til 10 er eksisterande naust på frådelt eige domar. Desse nausta har fått eige arealføremål for at det skal vera mogeleg å gjera turvande tilpassing av bygnaden utan at dette utløyser trong for dispensasjonar. Det er ikkje sett av nye areal for enkeltstående naust. Planen legg opp til utvida tilkomst til sjø/naust i fellesområda NO1 til 7. Dette sikrar vern mot ytterlegare press på strandsona i planområdet.

Ferdselsområde og småbåthamner:

FE01 er sett av til ferdselsområde i sjø for tilkomst til N02 og N03 samt tilgang til sjø i sentrum. f_SB01, f_SB02, f_SN03, f_SB04, f_SB05 og f_SB06 er alle sett av til felles småbåthamner.


Næringsbyggnad:

N01, N02, N03 og N04 er alle sett av til næring. N01 er sett av til til Bøvågen Øl og Vinstove.

N02 og N03 er sett av til eksisterande verksemd knytt til kaiområde i sentrum.

N04 er knytt til næringsverksemd på eigedomen «elvebakken» i form av eit smoltanlegg.

Dette ser ikkje ut til å vera i drift. Omdisponering av området vil krevje detaljregulering.



Sentrumsareal:

SE01 til 06 er alle sett av til vidare utvikling av sentrale delar av Bø. Området frå kyrkja og ned mot kaien er definert som sentrumskjerna på Bø. Her skal det vera mogeleg å kombinera buføremål med forretning/næring. Føresegner vil gje rammer for utbygginga, men her vil det vera rom for tett utnytting. Det er lagt inn omsynsone i arealplankartet for felles planlegging for sentrumsområdet. Dette for å få til ei heilskapleg utvikling av sentrumskjerna.

Offentleg areal:

o_K01 er sett av til areal for kyrkja, med o_G01 og o_G02 som er sett av til gravplass/urnelund. Området o_K01 er utvida noko slik at kyrkja skal kunne legge tilrette for meir plass for besøkjande. Det er eit klart mål at aktivitet i samband med kyrkja skal haldast på same sida av fylkesvegen som kyrkja ligg.

o_SKB01 er sett av til eksisterande offentleg tenesteyting innan skule og barnehage.

Området er og planlagt nytta til ny barnehage. Området skal nytta eksisterande avkjøyring frå fylkesvegen vidare inn på kommunal veg. Det er lagt inn omsynsone i arealplankartet for felles planlegging i dette området. Dette for å sikre heilskapleg planlegging for heile skule og barnehageområdet med tilkomst.

Leik/uteopphaldsareal :

I tilknytning til skulen ligg eit grønt område som sikrar haugen bak skulegarden. Her er det leikeapparat og ballbinge i tillegg til sjølve haugen. Arealet på motsett side av fylkesvegen er sett av til grønt arealføremål for å sikra turområde og noko meir areal til bruk for skule og barnehage.

Arealet fungerer som buffersone mellom bustadfeltet og fylkesvegen, samt at det gjev opning ut til friluftsområde og vatn.

Bøtjønna, hjartevatnet som ungane kallar det, er ei lita perle på Bø. Her legg planen tilrette for ein tursti rundt vatnet. Området ligg sentralt plassert med lett tilgang frå mange kantar.

Det vert krav til små leikeplassar i kvart bustadfelt og i tillegg litt større anlegg med ballbane/ballbinge vest om kyrkja når område som B04 kjem til regulering og utbygging.

Mange eigedomar har og private hagar og terrassar til uteopphald.

Planen sett krav om minste uteopphaldsareal .

Parkering :

Det er offentleg parkering ved skule, barnehage, kyrkja, Radøy Kunst Senter (gamle Haugland skule) og på kaien samt i det gamle byggjefeltet. Det er i planframlegget lagt inn større offentleg areal til kyrkja då eksisterande areal er so trangt at mange parkerar langsetter fylkesvegen ved større arrangement.

Det er privat parkering til alle næringbygg og sett av nytt område til parkering ved «Hordabøheimen».

Kommuneplanen for Radøy definerer krav til personbilkparkering i ulike byggjeområde. Alle bustadhus skal ha areal til privat parkering og det er satt krav til 2 p-plassar per bustadeining for heilårbustader.

Føresegnene følgjer i stor grad opp krava i kommuneplanen.

Trafikkareal :

Det er både fylkesveg, kommunale vegar, felles og private vegar innafor planområdet.

Det er sett av areal i høve til vegtype og trafikkmengd.

For Fylkesvegen er det sett av areal til gjennomgåande 2 køyrefelt og vegbreidde på 6 meter.

I tillegg er det på heile strekninga berekna areal til fortau på 2,5 meter breidde.

Kommunale vegar, stikkvegar og vegar inn i byggjefelt har varierende areal for breidde og varierende tilbod til mjuke trafikantar. Alle hovudlinjene skal ha fortau eller gang- og sykkelveg løysing.

Det er lagt vekt på at det skal vere mogelegheit for samanhengjande løysingar for gåande og syklende innafor planområdet.

Støytiltak :

Hovudstøykjelde innafor planområdet er knytt til trafikkavvikling. Tilhøva langs fylkesvegen er analysert og det er ikkje avdekkta område der ein ikkje kan byggje på grunna støy.

Støysone langs fylkesvegen er lagt inn i plankartet med omsynssone og omsynssona er nesten sammenfallande med byggjegrensa mot fylkesvegen .

Avfallshåndtering/miljøstasjon :

Det skal setjast av areal til avfallsdunkar i byggjeområda for heilårbustader og andre som treng det.

Det skal vera vegbreidde og snumogelegheter for bossbil på hovudstrukturane .

Framtidig Risiko og sårbarheit :

Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) skal syne alle risiko- og sårbarheitstilhøve som har innverknad på om arealet er egna til utbyggingsføremål, og eventuelle endringar i slike tilhøve som følgje av planlagt utbygging.

Ved utarbeiding av plan skal det i planarbeidet gjennomførast ei risiko- og sårbarheitsanalyse med tilhøyrande framlegg til tiltak, jfr plan- og bygningslova § 4-3. Område med fare, risiko eller sårbarheit merkast i planen som omsynssone, jfr. plan- og bygningslova §§ 11-8 og 12-6.

Akseptkriterier for ROS-analyser er vedteke av kommunestyret i Radøy kommune 30. 09.2010.

Den mest sentrale risikofaktoren som er avdekka i planarbeidet, har med trafikkssikring å gjere. Mange av vegstrekningane er dårlege, og det manglar gang- og sykkelveg. Dette har ført til at det fleire stader vil verte sett krav for nye byggjeområde som sikrar opparbeiding av gang- og sykkelveg på utsette strekningar.

Når det gjeld leirskred er det teke inn føresegner som sikrar at det vert gjort ei geologisk vurdering av dette i samband med planarbeid eller søknad om tiltak i brattlendte område. Det er ikkje avdekka område med stort farepotensiale for skred, men ein førevar-haldning er lagt til grunn.

Havnivåstiging og klimaendringar utgjer eit farepotensiale. Det er teke inn føresegn som skal sikre at det vert teke omsyn til framtidig havnivåstiging ved bygging i utsette område.

Samla sett fører planforslaget i liten grad til auka risiko.



Val av metode for ROS-arbeid :

Kommunestyret har valt Fylkesmannen i Hordaland sin metode for utarbeiding av ROS-analyse slik den er presentert i FylkesROS.

I samband med revidert kommuneplan vedteke i 2011 laga Radøy kommune ei liste over tema som skal vurderast ved ny arealbruk:

- Naturverdiar og biologisk mangfald - Konsekvensar for viktige naturtypar og biologisk mangfald, vilt, naturvernområde, verna vassdrag og strandsona.
- Landskap- Konsekvensar for landskap som har særskilde verdiar eller er sårbare.
- Naturrisiko- Grunntilhøve, ras og skredfare, flaum, ekstremvær – nedbør og vind
- Landbruk - Areal som er viktige produksjonsområde eller har høge kulturlandskapskvalitetar og konsekvensar for desse ved endra bruk av areala.
- Friluftsliv - Konsekvensar for ålmenta sin ferdsel, turveg, viktige utfarts- og friluftsområde, badeplassar og bruk av områda til jakt og fiske.
- Kulturminne og kulturmiljø - Det er vurdert om områda har freda eller verneverdige kulturminne, bevaringsverdige kulturmiljø, eldre gardstun og liknande og korleis nye tiltak eventuelt må taka omsyn til desse.
- Universell utforming - Tilgjenge for alle og konsekvensar for alle brukargrupper
- Forureining - Støy, utslepp, avfall og anna.
- Helse - Konsekvensar av utbygging for helse og miljø, med særleg vekt på nærmiljø og oppvekstvilkår. • Folkehelse og førebyggjande helsearbeid er viktig i plan.
- Barn og unge - Konsekvensar av utbygging for barn og unge med særleg vekt på nærmiljø og oppvekstvilkår
- Infrastruktur og tenestetilbod- Trafikktryggleik, skule, barnehage, aldersbustader, veg, vatn, avløp og offentlege tenester
- Energibruk og miljø - Konsekvensar av tiltaket for bruk av energi og eventuelt alternative løysingar.
- Samfunnstryggleik, beredskap og ulykkesrisiko - Konsekvensar av utbygging for auka risiko for ulykker, utrykking og særskilde risikomoment er vurdert.

Det meste av byggjeområda i Bøvågen er allereie regulert, så her er det ikkje snakk om totalt ny arealbruk, men i eldre reguleringsplanar vart ikkje konsekvensar og risiko for uønska hendingar vurdert like systematisk som no.

Verdivurdering av området:

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar, biologisk mangfald			X	Strandsone og kulturlandskap med tilhørande fauna og flora.
Landskap		X		Synleg i terrenget. Småkupert og skrånande ned mot sjø. Grenser til sjø.
Landbruk	x			På nokre teigar er det drift
Friluftsliv			X	Sjømiljø og fine turområde i strandsona. Rikleg tilgang på lett tilgjengelege skogsområde i nærleiken.
Kulturminne og Naustmiljø		X		Kyrkja og den gamle delen av kyrkjegarden er kulturminne. Gamal bru ved Hauglandsvatnet og elva til sjøen er kulturminne. Vrak i Bøvågen er registrert kulturminne. Det er tatt med nokre nye objekt i framlegg til Kulturminneplan for Radøy.

Konsekvensvurdering av endra arealbruk:

	Verdi	Merknad
Naturverdiar og biologisk mangfald	-1	Areal som ligg inntil område med eksisterande byggjetiltak.
Landskap	-2	Landskapet vert forringa ved sterkare utnytting. God tilpassing av bygningar til terreng er naudsynt.
Naturrisiko	-1	Delar av området er bratt. Det er ikkje registrert noko på NGU sine skrednett-sider. I område brattare enn 27-30o skal det gjennomførast geologiske undersøkingar. Utsatt for sterk vind og mykje nedbør. Strandsone er utsett for havnivåstigning.
Landbruk	-1	Landbruksareala vert mindre ved utbygging. Desse områda ligg ikkje innafor kjerneområde landbruk.
Friluftsliv	-1	Området er nytta til friluftsliv. Ei utbygging må ta omsyn til stiar og gangrettar til sjø. Båtliv og friluftsliv til sjø er aktivt i farvatnet utafør.
Kulturminne og kulturmiljø	-1	Det er kjende automatisk freda kulturminne i området som vert råka av planen. Steingardar og tufter kan liggje i området utan at det er synleg i kartet. Kulturminnelova gjev utbyggjar ansvar om å melde i frå om det vert oppdaga minne undervegs i arbeidet.
Universell utforming	0	Krav til universell utforming mogeleg ved nye tiltak jf lov og TEK.
Ureining	-1	Fleire bustadar i området vil føre til meir trafikk og støy.
Helse	+1	Fint område, med flott utsikt og lett tilgang til friluftsområde og sjø. Fleire løysingar for mjuke trafikantar vil kunne føre til auka aktivitet og betre folkehelse.

Barn og unge	+1	Fine uteområde, luft. Skule, barnehage, leikeareal. Manglar løysingar for gang- og sykkelveg. Det er lagt inn areal i planen på hovudvegane og det vil føre til betre tilhøve for barn og unge.
Infrastruktur og Tenestetilbod	-1	Området grensar til hovudveg. Mange tenestetilbod, og planen legg til rette for fleire. Buss. Veg må etablerast inne i ulike delområde.
Energibruk og miljø	-1	Auka energibruk. Gode soltilhøve, noko vindutsett – dette må takast omsyn til/utnyttast.
Samfunnstryggleik, beredskap og ulykkesrisiko	0	Tilpassing av bustader og tilrettelegging for god adkomst for brannvesen og beredskapspersonell er naudsynt.

Grovanalyse har ikkje avdekket at ein går over grensa for akseptabel risiko av omsyn til kommunens vurdering eller lovverkets føresegnar.

Sjølv om det her er fleire minus, er dei i sum ikkje av alvorleg karakter.

Det er ikkje tenkt bygt på dyrka mark. Planen følgjer hovudprinsippa i eksisterande kommuneplan.

Nordbø hyttetun som i kommuneplanen er satt til arealføremål turistnæring med lilla farge i kartet:

I kommunedelplan for Bøvågen er dette no avsett til heilårsbustader. Aktiviteten i nordre del av planområdet vert med dette endra til det same som resten av delområdet. Hyttene er tenkt å kunne erstattast med heilårsbustader med tilpassa infrastruktur, leikeareal og småbåthamn.

Innafor dette planområdet er det avdekket potensiell fare for:

- Skred (S)
- Vind (V)
- Høg vassstand (Hv)
- Trafikkfare (T)

	Berekna risiko															Sannsyn
	Liv og helse					Miljø					Økonomiske verdiar					
5																
4		T				T						T				
3		Hv						Hv					Hv			
2		V					V					V				
1				S				S						S		
	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	
Konsekvens																

Tabellen viser at potensielle farer kjem i gule felt og krev at tiltak skal gjennomførast for å redusere risiko. Krav om geologiske undersøkingar er lagt inn, byggjetiltak i strandsona skal ta omsyn til fare for havnivåstigning og planen har lagt inn arealbruk for trafikk som skal vera med å redusere fare for uønska hendingar.

Anna:

Trygg skuleveg for alle er nytta som overordna prinsipp då avstandane ikkje er større enn at elevane kan gå til skulen.

Arealbruk er i hovudsak vidareført frå kommuneplanen sin arealdel, men nokre areal har fått endra arealføremål i forhold til kva arealet vert nytta til i dag. Det er til dømes i planframlegget lagt opp til ein større fridom på dei sentrale eigedomane som vert nytta til næring då det er lagt sentrumsføremål på store delar.

Eksisterende reguleringsplanar :

Eksisterande reguleringsplanar er evaluert opp mot arealføremåla i kommunedelplan for Bøvågen.

Ut frå dette vert det fremja forslag om at følgjande reguleringsplanar vert oppheva:

PlanID:	Plannamn:
12602010000700	Bø reguleringsendring
12601987000100	Krossneset
12601994000100	Nordbø
12601973000200	Bøvågen
12601988000100	Bøvågen bustadfelt (del av)

Vurderinga er at at alle desse planane no er godt dekkja av ny kommunedelplan. Mykje av utbygginga for desse planane er utført, og det er i ny plan framleis opning for fortetting i dei eksisterande bustadområda. Plan 12602002000400 Leitevågen høver framleis godt inn i samband med tettstadutviklinga og vert difor framleis gjeldande.

Landskapsestetikk :

Kommunedelplanen legg opp til å bevare grøne strukturar og opplevelsen av landskapet i størst mogeleg grad. Det er lagt inn samanhengande grøne naturområde og i nokre område LNF føremål for å ivareta dette. LNF er brukt i dei områda der det er landbruksnaust eller nausterrettar knytt til landbruket.



Konsekvensar for naboareal :

Området er så flatt og ope at alle areal skal ha gode soltilhøve ved god plassering av tiltak. Det er lagt vekt på at kyrkja, skule og barnehage skal ha gode grønne buffere mot anna arealføremål.

Det er sett av turvande areal til utviding av fylkesvegen. Det bør vurderast miljøgate for trafikken gjennom sentrum av Bø.

Definisjon på miljøgate:

«En miljøgate er en hovedveg i ett tettsted, som regel med gjennomgangstrafikk, med ulike fartsreducerende tiltak, tiltak som gjør vegen mer attraktivt for gående og syklende og tiltak som forbedrer stedsutviklingen og det estetiske inntrykket. I de fleste tilfellene reduserer miljøgater gjennomsnittsfarten og dermed også antall ulykker.» *Kjelde: Trafikksikkerhetshåndboken*

Trafikk- og parkeringstilhøve :

Fylkesveg 409 er bygd og endra i fleire høve og framstår som udefinert då den varierer i breidde. Planframlegget sit av nok areal til to køyrefelt og fortau på ei side. Fortau er i stor grad tenkt på vestsida av vegen då det er her det er flest servicetilbod og det er her me finn mest fortau alereie opparbeidd. Det er offentleg parkering ved kyrkja, skulen og barnehagen, i byggefeltet samt på deler av kaien.

Næringstomtane har parkering på eiga grunn eller tilstøytane private område. Parkeringsdekning skal i hovudsak følgje same mal som kommuneplanen.

Kulturminne :

Planen har omsynssoner for kulturminne i plankartet, noko som vil trygge registrerte kulturminne for ettertida. Kulturminne er i tillegg verna av lov om kulturminne og klassifisert i framlegg til ny kulturminneplan.



Friluftaktivitet, naturområde, born og unges interesse i nærmiljøet :

Bøvågen er eit flott område for å utøve friluftsliv med kort tilgang på fine skogsområde, lyngheier, strandsone og sjø. Bøtjønna ligg sentralt i tettstaden og er omkransa av eit grønt friområde der det er teikna inn ein sti med ei illustrerande line. Denne skal opparbeidast lett utan varige eller ikkje irreversible terrenginngrep, og er ikkje nøyaktig teikna i plankartet.

Tilkomst til friområda og mogelegheit for å bevege seg fritt vert betra i planområdet da det er lagt inn fortau der ein kan oppleve at vegen er smal eller trafikkfarleg. Det er lagt stor vekt på at løysingane for mjuke trafikantar skal vere gjennomgåande og særleg knytte bustadområda opp til skule og vidare til grønne område. Ungane som var med i barnetråkkregistreringane peika ut strekningar langs med vegnettet der dei ikkje kunne gå fordi dei opplevde det som farleg eller at dei ikkje fekk lov av foreldra. Til dømes var det langsetter fylkesvegen sør i planområdet då fortauet sluttar etter kyrkjegarden. Gode tilhøve for å gå eller sykle vil ha mange fordelar for heile befolkninga. Det kan stimulere til at fleire beveger seg og ein kan få ein helseeffekt. Det vil vidare føre til mindre biltrafikk og betre klima og støytilhøve.

Skule og barnehage ligg inntil fylkesvegen, men samstundes nær til grønne areal på sørsida av vegen og lett tilgjenge til Bøtjønna. Skuleområdet er ope utover skulen sin opningstid og vert nytta av born som bur i området. Det er lagt inn grønne belter i planramlegget som skal sikre grøntdrag langs med vatn og vassdrag. Planen synleggjer og forbedrer tilhøva for ålmen tilgang til desse områda.

Privat og offentlege servicetilbod :

Barnehagen på Bø heldt til i det gamle kommunehuset, i eit nyare bygg ved sida av og i ombygde omsorgsbustad. Her er det behov for ny bygningsmasse framover. Barnehagen disponerer eit ganske stort areal med plass til ny utbygging på eksisterande tomt. Kommunen eig og areal på andre sida av vegen som er satt av til naturområde i planen.

Hordabø skule er relativt ny og har gode fasilitetar. Det er plass til fleire elevar, men dagens bygg har ikkje kapasitet til å dekkje potensialet i alle byggjeområdene som er lagt til rette for i kommunedelplanen , der- som desse vert bygd ut samstundes.

Erfaring tilseier at byggjeområder på Radøy vert bygd ut i byggjetrinn etter salg.

Det er difor grunnlag for å tru at innbyggjartalet vil auke gradvis. Det vil avhenge av tiltakshavarar og utbyggjarar kor tett utnytting det vert regulert for og dermed og kor mange bustadeiningar det vert innafor området. Hordabø skule har areal som kan nyttast til utviding, og ein kan tenkje seg ei løysing der ein kan byggje med ein etasje høgare enn dagens eine etasje.

Det er daglegvarebutikk med post-i-butikk og drivstoffpumpe.

Bøvågen fysioterapi har lokaler i same bygg som butikken.

Serveringsstaden Bøvågen pub er open etter avtale og i helgene.

På kaien er det sal av fisk frå fiskemottaket og sal av byggjevarer i frå Bygger'n.

Kyrkja har tilbod til sine medlemmer og vert nytta til konsertar og andre arrangement

Konsekvens for Risiko og sårbarheit :

Planframlegget vil føre til auka aktivitet og dermed auka biltrafikk. Dette vil kunne føre til større ureining i området. I planen er det lagt opp til løysingar for at folk lett skal kunne gå og sykle innafor planområdet og dermed redusere behovet for å nytta bil.

Aktivitet i næringsområde på kaien har behov for å transport og lagring av noko farleg gods. Det er drivstoffpumpe både ved daglegvarebutikken og på kaien. Risiko for uønska hendingar er ikkje vurdert til å vera særleg stor.

Det er utført støyanalyse langs fylkesvegen i august 2010. Den er utarbeidd som eit støyvarselkart med gul sone for berekna støyverdi mellom 55 og 65 Lden, og raud sone over 65, basert på trafikkprognose for år 2025. Innafor planområdet for områdeplan for Bø er det ikkje venta støy i raud kategori.

Innanfor planområdet er det ulike høgder på opprinneleg terreng som må få bestå slik at ein sikrar ei naturleg avrenning. Det er til tider store nedbørsmengder som skal ha god avrenning. Det er forsøkt å ikkje leggje byggjeformål i dalbunnene, men litt opp frå dei lågaste nivåa.

Det går høgspenlinjer igjennom området som er meldt til netteigar at ein ynskjer å grave ned i kabel. Dette gjeldt særleg i bustadfeltet. I plankartet er dei teikna inn med omynssone.

Eit område i planen er etter opplysningar frå naboar avdekka som mogeleg utsett for rasfare.

Her er det mellom anna lagt inn naturområde for å unngå risiko ved utbygging.

Det er ikkje oppdaga høve som skulle tilseie at planramlegget vil føre til store endringar i lokalklima.

Infrastruktur (veg/vatn/avløp, el-anlegg etc) :

Det er eit generelt behov for opprustning av teknisk infrastruktur innafor planområdet. Kommunen har vedteke ny kommunedelplan for vatn og kommunedelplan for avløp. Desse planane vil avklare behova nærare og definere kva tiltak som må til.

Konsekvenser for næringsinteresser :

Dei aller fleste næringsareal har fått eitt eller fleire arealføremål. Dette vil føre til fleksibilitet i kva eigedomane kan nyttast til.

Sentrumføremål er nytta på sentralt liggjande tomter som kan nyttast til bustader, handel og tenesteproduksjon. Desse tomtane har god tilknytning til det eksisterande vegnettet og kaiområde.

Ingen næringsføremål som låg i kommuneplanen eller i gamle reguleringsplanar er endra til andre arealføremål.

Juridiske/ økonomiske konsekvenser :

I kommunedelplanen er det sett av areal til offentlig veg og fortau. Det offentlege vil kunne nytte oreiningsrett til å kjøpe dette arealet av grunneigarane. Det er lagt ut breiare vegar i planen enn det som eksisterer per i dag, og det er i planen sett av areal til vegføremål som kan gje oreiningsrett og for private.

Medverknad :

24. januar 2013 vart det invitert til oppstart av planarbeid på Bø og bygdemøte med annonse i lokalavisa Strilen og på kommunen si heimeside.

5. februar 2013 vart det skipa til bygdemøte på skulen og det møtte ca 30 personar.

Formell oppstart av planarbeidet vart varsla 9. august 2013 med frist for innspel 1. oktober 2013.

I samband med høyring (Områdeplan) vart det arrangert bygdemøte på Hordabø skule 5. Mai 2015.

Etter omgjerung av plantype vart det 14. April 2016 varsla oppstart av kommunedelplan for Bøvågen


Høyringar:

22. April 2015 vart det annonsert vedtak om offentlig høyring og ettersyn av planframlegg (Områdeplan)

I samband med kunngjerung 14. April 2016 - oppstart kommunedelplan vart det kunngjort offentlig høyring og ettersyn av framlegg til planprogram for kommunedelplan Bø.

Merknader:


Det kom inn 33 merknader til planframlegget (Områdeplan). Desse merknadene er kartlagt og tatt med i arbeidet med framlegg til kommunedelplan. Det kom inn 6 merknader til oppstart/planprogram kommunedelplan. Fleire endringar blei gjort i planprogrammet før det vart endeleg vedteke i kommunestyret 8. Desember 2016. (Sak 069/2016)



Områdenamn	Identitet	Tilrådd	Eksisterande formål	Nytt formål	Dokument
Nordbø nord	5		bustad_friområde	Ynskjer å utvida bustad mot sja...	0
Bø sentrum	6		Bustad og friområde	Ynskjer bevaringsvurdering av jo...	1
Bø sentrum	8	Ja	Bustad - Sentrum	Vil ha bustad på helle eigedome...	0
Løhaugen	9	Ja	Bustad	Framleis bustad, men vil ha erst...	0
bru	9999		Inf	kulturminne	0

Her viser merknadene til områdeplanframlegget innlagt i nordhordlandskart.

Via bruk av WMS har disse vore tilgjengeleg heile tida i arbeidet med nytt planframlegg til kommunedelplan for Bø. (GISline)




Bø barnehage



Bornetråkkregistrering :

Elever på Hordabø skule har delteke i registrering av bornetråkk (registrering av born og unges arealbruk). Grupper av born gjekk med ein vaksen og teikna inn ulike tema som skuleveg, snarvegar, stiar, fine fiskeplassar, akebakkar, 100-meter skogar og leikeplassar. Elevane peika og ut plasser der dei ikkje likte å gå og vegstreknings dei ikkje fekk lov til å gå. Karta og resultatata av registreringen er lagt til grunn for



KART bilete: Eksempel på eitt konkret resultat frå registrering med skuleelevar. Ved å sammenstille fleire kart får me eit godt bilete av korleis ungene nyttar området.

Det har vore interne arbeidsmøte i administrasjonen samt fleire møte i politisk styringsgruppe.

Statens vegvesen har vore på synfaring og delteke på to arbeidsmøte. Fylkesvegen går igjennom området og legg føringar for korleis ein planleggjar arealbruken.

Mål for planarbeidet har vore å detaljera arealbruken noko meir enn i kommuneplanen og samstundes tilrettelegge for nye byggjeområde, særleg nye heilårsbustader. Kommunedelplan for Bø er ein plan med intensjon om vidare utvikling av tettastaden. Ei bygd som har mange gode kvaliteter som skal ivaretakast og vidareutviklast.



Radøy kommune TFO
Versjon 1.0
Planframlegg 06.10.2017

